



Saksframlegg

Søknad om fritak frå verv i Innvandrarrådet

Ismail Kizmaz

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Valnemnda	
	Heradsstyret	

Leiar i valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Valnemnda innstiller til heradsstyret som gjer endeleg vedtak i saka.

Samandrag

Ismail Kizmaz ber om fritak frå sitt verv som varamedlem i Innvandrarrådet ut valperioden, grunna studiar som er lagt til måndagar, same dag som måta i råda vert halde.

Saksopplysingar

I KommuneLOVA § 7-9 andre ledd står det «Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte frå vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.

Ombodsplikta inneber fyrst og fremst at når du er vald som medlem av heradsstyret har du ei plikt til å fungera i vervet i fire år. Det er ein kontrakt du inngår med dei som stemte på deg. Lova opnar for at du kan få fritak frå denne kontrakten dersom du flytter frå kommunen, om du eller nokon av dine næraste vert alvorleg sjuk eller du får eit anna politisk verv på Stortinget eller i regjering. Fritak kan også vurderast dersom kombinasjonen av verv og jobb utviklar seg. «Vesentlig ulempe» er formuleringa i lova.

Eit viktig omsyn er at det må ha oppstått ein situasjon som ikkje var kjent den gongen du sa ja til å stilla til val.

Både KS og Regjeringa har gitt fleire tolkingar i høve fritak. Lista for å få fritak skal liggja svært høgt. Det skal vera tungtvegande grunnar for å løysa folkevalde frå kontrakten med innbyggjarane.

Heradsstyret må også leggja vekt på om årsaka til fritaksgrunnen er oppstått etter at den folkevalde samtykka til valet. Hovudregel for fritak må vera at tilhøvet ikkje var kjent på samtykketidspunktet

Nytt i kommunelova er ei ny eigen føresegn om setjemedlemmer i § 7-11. Føresegna gir ein samla regulering av val av setjemedlemer med fleire endringar frå den tidlegare regelen i kommunelova § 7-10 andre ledd. Ny § 7-11 fastsett at dersom ein folkevald i eit anna organ enn kommunestyret eller direkte valde kommunedelsutval har eit mellombels fritak på meir enn tre månader, kan kommunestyret velje ein setjemedlem i den perioden. Føresegna presiserer at det òg kan veljast setjemedlem viss det er gitt eit tidsubestemt fritak som ein antek vil vare meir enn tre månader. Setjemedlemer skal som hovudregel reknast som faste medlemer av organet så lenge dei er valde. Det vil seie at dei mellom anna skal få innkalling, kunne krevje lovlegkontroll og at dei skal teljast med når ein reknar kjønnsbalanse ved eit nyval. For at kommunestyret kan velje setjemedlem, må det vere gjeve eit fritak. Som nemnt over skal permisjon etter § 8-10 reknast som eit fritak, og det kan veljast setjemedlem viss ein folkevald har fått permisjon i over tre månader. Kommunestyret kan ikkje velje ein setjemedlem sjølv om det er klart at personen ikkje vil komme på møte det neste halvåret, så lenge det ikkje er gjeve eit fritak. Då skal varamedlem innkallast etter kommunelova § 7-10 første ledd.

Departementet understrekar at det ikkje må veljast ein setjemedlem ved fritak på meir enn tre månader. Det er frivillig om kommunane ønsker å bruke denne moglegheita. Dersom det ikkje blir vald ein setjemedlem, skal varamedlem innkallast som elles ved eit forfall til eit møte.

Det er ikkje lenger eit krav at kommunestyret må følgje rekkefølga på lista over varamedlemer ved val av setjemedlem. Det vil seie at kommunane no har større fridom til å bestemme sjølv kven som skal veljast som setjemedlem. Regelen er at ein setjemedlem skal bli valt frå den same gruppa som medlemen som har blitt fritatt høyrde til. Gruppa skal sjølv føreslå kven som skal bli vald og informere kommunestyret om dette. Kommunestyret skal velje denne kandidaten, så framt lovkrava for å velje denne personen elles er oppfylt. Det er dei vanlege reglane om valbarheit som gjeld for setjemedlemer.

Det er ikkje eit krav om å sjå på kjønnsbalansen når det skal veljast ein setjemedlem.

Alternativt framlegg til vedtak:

1. Heradsstyret gjev Ismail Kizmaz fritak ut valperioden frå sitt verv som varamedlem i Innvandrarrådet.
2. Valnemda innstiller på naturleg opprykk på varalista, Heradsstyret stiller seg bak innstillinga frå Valnemda.

Vedlegg

Søknad om fritak frå verv som varamedlem